

«Pål Øie kan knepa sjangeren krev, og er ikkje redd for å ta dei i bruk.»

Håkon Tveit om *Villmark 2*



Regissør Deenya Khan til venstre.

SJÅ PÅ NETT NO

(nrk.no) Deeyah Khan er tilbake etter den Emmy-vinnande suksessen *Banaz – a Love Story*. Sidan sist har ho teke tak i eit tema norske medium òg har vorte nyfikne på etter at IS(IS) byrja prega nyhenda: nordeuropearar som reiser til land langt borte for å krige i namnet til religionen. I *Jihad* finst ingen sensasjonar – berre menneske. Khan kan nansere, og eit knippe knallgode intervjuobjekt med røynsler frå Afghanistan via Kaukasus til Bosnia vitnar om unge menn og kvinner som kjende seg nytelause. Khan får fram at vi må sjå folk og høyre på dei for å forstå problemet.

H.T.

VISSTE DU AT...

... Meryl Streep er ute i hardt politisk ukorrekt vær? I samband med filmen *Suffragette* stilte ho i T-skjorte med teksten «I'd rather be a rebel than a slave» og fekk den afroamerikanske likestillingsrørsla på nakken. At sitatet kjem frå ein av dei eldste feministgeneralane, Emmeline Pankhurst, hjelper ikkje. Verre er det at ho i same slengen på ein pressekonferanse erklærer at ho er humanist, ikkje feminist. Meryl, då.

B.A.

TRE PÅ TOPP

Filmar frå nord på Film fra Sør i år:

1) *Tell Spring Not to Come This Year*, Storbritannia. Britane Saeed Taji Farouky og Michael McEvoy har laga ein vilt vakker film om krigen i Afghanistan sedd med afghanske soldatars augo.



Filmen om krigen i Afghanistan er sedd med lokale soldatars augo.

2) *An, Japan*. Kall meg sentimental, men eg smeltar når leprasjuka gamle Tokue steikjer pannekaker med søt bønnesaus i lag med sosialt forknytte Sentaro i Naomi Kawases sakte drama.

3) *Himmelen over Havanna*, Frankrike. Geniet Laurent Cantet lét Cubas beste skodespearar skvaldra fritt etter Leonardo Paduras manus i ei framifrå skildring av ein desillusjonert generasjon.

H.T.

kk film

okstavleg tala.

lin, nervøsiteten og heile spektret av normalitet og galskap som ei slik handling fordrar, så er *The Walk* ein slags kabarettaktig, puslete variant der til og med rufsete hår ser glatt ut.

PHILIPPE FRÅ MONTMARTRE

Tankane går kjapt og ofte til *Moulin Rouge* (2001) og *Den fabelaktige Amélie frå Montmartre* (2001). Eg mistenkjer at Hollywood framleis vil sjå Frankrike på denne måten; polert, tullete og alle med ein baguette i neven. Og så har eg knapt sett fleire latterlege orsakingar for at dei franske personane talar engelsk, særleg når Philippe og kjærasten Annie talar gebrokkent i dei mest intime samanhengar. Og apropos Annie, så har regissør Zemeckis styrt velretta unna enkelte episodar frå dokumentaren, som då Philippe vedgår at han etter lineturen hadde sex med ei anna kvinne. Det blei kanskje i franske laget.

2D I 3D

Trass i alle innvendingar som fortener å verta nemnde, er ikkje *The Walk* keisam å sjå på. For min del kunne dei brukt 3D-effekten enda meir, for det å følgja Pierre mellom tvillingtårna er ein svimlande, herleg affære. Og klart det er imponerende å tenkja på at dette gjorde Philippe på skikkeleg! Men som film blir det for mange irritasjonsmoment. Eg får lyst til å nytta meg av kollega Siri Helles resonneringsmetode her: Kjøper eg søtsuppa *The Walk* full av unødvendige tilsetjingsstoff? Nei takk, eg unner meg ein kraftfull, ramsalt reprise av *Man on Wire*.

BRIT AKSNES

Brit Aksnes er frilans kulturarbeidar og fast filmmeldar i Dag og Tid.

Forfattere

I denne spalta stiller vi store spørsmål om dei største.

Vilhelm Ekelund: Kva ville han med livet?

Diktarfilosofen Vilhelm Ekelund vart fødd i Skåne i 1880 og døydd utanfor Stockholm i 1949. Han innleidde forfattarkarrieren som poet, vart så kulturkritisk essayist og var frå 1914 i hovudsak aforistisk. Virket hans, inklusive posthume utgjevingar, femner om åtte diktbøker og 28 essay- og aforismesamlingar.

Den viktigaste boka hans? Personleg ville eg valt diktsamlinga *Hafvets stjärna* (1905), aforismesamlinga *Båge och lyra* (1912) og essay- og aforismesamlinga *Metron* (1918, tittelen er det greske ordet for 'mål, (sjeleleg) jamvekt'). For mange andre lesarar har essaysamlinga *Antikt ideal* (1909) vore ei livsændrande oppleving. Olav H. Hauge las Ekelunds verk som ein løpande *journal intime*.

Kva meinte han om samtida? Som ung var Ekelund sterkt engasjert i den litterære utviklinga i Skandinavia og Europa. *Antikt ideal*, som kom ut i året for den svenske storstreiken, vart ei viktig bok for den svenske arbeidarrørsla, men Ekelund hadde på det tidspunktet forlate politikken og den samtidige litteraturen for å gjera utgravingar om dei eksistensielle vilkåra og den menneskelege kulturtanken.

Kva innverknad hadde han på ettertida?


Stor, men i høg grad usynleg innverknad. Med uavhengnad og anakronisme framstod Ekelund som ein helt og lærar i visdom for dei svenske 40-talsforfattarane. Han har vorte kalla ein «forfattar for forfattarane», men er framfor alt aktuell for einskilde lesarar, menneske som kjenner trong for skriftene hans. Vilhelm Ekelundsamfundet, som vart skipa i 1939 for å verka som forlaget hans, har stadig 150 medlemmer.

Var han lukkeleg?

Vilhelm Ekelund streva heile sitt vaksne liv – etter ei eksilid i Berlin prega av fattigdom og motgang, stundom skir svolt i åra 1908–12 – etter å vera lukkeleg. Etter ein livstrugande lungesjukdom vakna han til eit nytt tilvære i København våren 1913 og kan seiast å ha nytta resten av tida si på å leita etter føresetnadene for eit godt, verdig og lukkeleg liv.

Var han eit godt menneske?

Svaret her må minna om det førre: Ekelund strekte seg etter å vera eit godt menneske. Han var sårbar og oppfarande, aggressiv og kjenslevar, noko



Vilhelm Ekelund (1880–1949).

som sette han i vanskelege situasjonar og gav han dårleg samvit. Kjernen i refleksjonane hans over vår eigen psykologi handlar om ikkje å forneakta eins eigne dårlege sider, men nytta dei som springbrett mot ein betre oppførsel.

Kven var han i strid med?

Ekelund retta til å byrja med sinnet mot fenomen i det samtidige litteraturlivet som han var misnøgd med. Han kom i strid med leiande konservative kritikarar og hamna i pinlege nevekampar med poetkollegaer. Denne plumpe vrei den omarbeidde Ekelund til ein motstand mot alle dei tankemonstra og samfunnsstrukturane som hindrar oss i å ta livet på alvor.

Trudde han på Gud?

Nei, ikkje på Gud i konvensjonell kristen mening. Men det råder ingen tvil om at den i grunnen eksistensiellfilosofiske og med åra meir synkretistiske forfattarskapen hans romma ei tydeleg erkjenning

av ein åndeleg dimensjon ved tilværet – ikkje som ytste grunngeving, men meir som meningsskapande aspekt ved livet og som eit naudsynt korrektiv til den så altfor menneskelege psykologien.

Kva ville han med livet?

Gjennom å undersøkja egne sjelelege og åndelege drivkræfter, vonløyse og entusiasme, gjennom å søkja førebilete i antikken og romantikken, i avisnotisar om moderne eremittar og i bøker om polfaraar, ville Ekelund presentera for lesarane sine ikkje ei løysing på livsgåtene, men ein måte for kvar einskild å stilla spørsmåla på og finna sine egne vilkår, egne utgangspunkt for endring.

Typisk sitat?

«Världen är eld; blif eld, och du har hem i världen.» (*Båge och lyra*, side 14, rad 1)

JONAS ELLERSTRÖM

Jonas Ellerström er svensk forfattar og omsetjar.